

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 20.03. 2013  
Sakhandsamar: **Johnny Heggstad**  
Saka gjeld: **Teknologiplan for Helse Vest 2013-2017**

**Arkivsak**  
2013/201/  
**Styresak 050/13 B**

**Styremøte 10.04. 2013**

---

## Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF godkjenner Teknologiplan for Helse Vest for perioden 2013 - 2017.

## Oppsummering

Teknologiplan for Helse Vest er utarbeida på grunnlag av revidert Helse2020. Teknologiplanen tek utgangspunkt i eit utvida teknologiomgrep som dekker både informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), medisinsk-teknisk utstyr (MTU) og andre tele- og signalløysingar. Planen er utarbeida for perioden 2013-2017.

Det blir no sett i gang eit arbeid internt med å kommunisere og forankre teknologiplanen på brei basis i føretaksgruppa.

## Kommentarar

Målformuleringane i teknologiplanen er utleda av dei overordna målsettingane i Helse2020 og forsøkt knytt opp til desse. I Helse 2020 er det peika på at teknologi framleis vil vere eit strategisk viktig verktøy for å nå dei overordna måla for føretaksgruppa.

Teknologiplanen erstattar tidlegare regional IKT-strategi ut frå erkjenninga av at ulike teknologiar som informasjonsteknologi og medisinsk-teknisk utstyr samt bruken av desse smeltar meir og meir saman til eit heile.

Teknologi er i planen definert som IKT, medisinsk-teknisk utstyr, tele, signal og video.

Eit døme på samansmeltinga av teknologiar er ein telefonsentral som i dag er like mykje ein datamaskin med programvare som ein telefonsentral.

Teknologiplanen skal gi retning i teknologiske vegval og gi støtte til val og prioritering i samband med prosjektportefølje og andre tiltak. (Jamfør styresak 147/11, styremøte 7.desember 2011, om oversikt over regional og nasjonal portefølje med pågåande prosjekt.)

Den strategiske retninga er uttrykt ved at teknologiplanen skal bidra til å auke kvalitet og sikkerheit i pasientbehandlinga, bidra til å gjere teknologi meir brukarvenleg og dermed sette helsepersonell i stand til å utføre oppgåvene sine på ein betre og meir effektiv måte.

Teknologi skal understøtte betre informasjonsflyt i eit heilskapleg pasientforløp, betre ressursutnytting og logistikkstyring.

Kompleksiteten i verksemda blir synleggjort mellom anna av om lag 800 ulike systemløysingar som er i bruk. Det er behov for å sanere gamle løysingar og optimalisere med fellesløysingar. Felles EPJ (pasientjournalssystemet) er eit døme på innført felles løysing i føretaksgruppa. Røntgen og bildelagring er døme på eit område der vi har mange ulike løysingar (kvart HF har ulike), og der vi no gjennomfører førebuingar til felles løysing (felles røntgen og bildelagringssystem for Vestlandet).

Innovasjon er eit eige tema i planen. Det er stort potensial for å tenke nytt både saman med eksisterande teknologi og i samband med nye anskaffingar. Innovasjon handlar også om å kombinere teknologi med å drive god tenesteutvikling og skape betre rutinar og arbeidsprosessar.

Leverandørane våre har også ein sentral plass i teknologiplanen. Vi vil ikkje lykkast framover utan leverandørar som forstår våre behov og som evnar å levere i samsvar med behova og utfordringane våre.

Det er definert fire grunnleggande føresetnader for planen. Desse er pasientsikkerheit (inkludert informasjonssikkerheit), verksemdarkitektur (som er beskrivinga av korleis verksemda og bruken av teknologi heng saman), porteføljestyling (som gjeld prioriteringa av rette prosjekt og tiltak i samsvar med overordna strategi) og endringsleiing og gevinstrealisering (som handlar om å realisere verdiskapinga av prosjektleveransane).

## Konklusjon

Planen er utarbeidd i eit breitt samarbeid mellom ulike aktørar i føretaksgruppa og er denne gongen gjennomført utelukkande med interne ressursar. Me trur dette har god betyding for eigarskap og forankring av planen.

Dei aller fleste medarbeidarane i føretaksgruppa vil bli påverka av planen. Primær målgruppa for planen er definert som leiarar på alle nivå og dei miljøa i føretaksgruppa som arbeider med teknologi.

Føretaksgruppa i Helse Vest er no i gang med å lage ein kommunikasjonsplan for å sikre at planen blir godt kommunisert og teken i bruk på ein god måte.

Teknologiplanen inneheld verktøy og omgrep som mange i føretaksgruppa ikkje er umiddelbart familiære med. Difor vil det også bli lagt vekt på i kommunikasjonen at faguttrykk blir forstått, samtidig som vi forsøker å unngå unødvendig kompliserande ord og uttrykk.

Vedlegg:  
Teknologiplan for Helse Vest, v.1.0